

Nye uteplasser og serveringsløyve på Rabben Feriesenter.

01.07.2020



Her kan ein sija tørt og godt sjølv i regn, og ein kan til og med få servert kaffi og kaker. Dersom det er kjølig vert det også sytt for varme.

Rabben Feriesenter ligg idyllisk til i sjøkanten like ved elveosen. Før denne sesongen har Magne Heggøy gjort nokre oppgraderingar som har gjort plassen endå meir fullkommen. Han har bygt opp to felles uteplasser som vil vera til stor glede for både gjestene og andre. I tillegg har Rabben Feriesenter fått innvilga serveringsløyve.

Rabben Feriesenter har vore ein svært populær plass, og mange feriegjester har kome tilbake til plassen i årevis. I år vert dei møtt av to nye oppgraderingar som heilt sikkert vil bli svært så populære.

Ved servicebygget er det bygt ein heilt ny uteplass som kan bli eit sosialt hjarte på campingplassen. Bygget er svært fleksibelt i konstruksjonen. Når sola skin kan ein sitja der utan tak, medan ein sensor vil syte for at ein får tak over hovudet dersom det byrjar å regna. Taket kan også styrast manuelt. Veggene er i glas, og dersom ein ønskjer det kan ein lett fjerna dei for å gjera rommet luftigare. Viktig er det også at det er bygt av vedlikehaldsfrie materialar. Dette vert nok ein populær plass både på dagtid og kveldstid. Om det vert kjølig, lover også campingeigaren å ordna med varme. Då eg var nedom tidlegare i veka sat eit turfølgje på 8 og kosa seg med frukosten der.

Magne Heggøy fortel at han har søkt og fått innvilga serveringsløyve. Dette vil han snart koma i gang med, og då vert det råd å få kjøpt både kaffi og søtbakst som kaker, vafler og bollar. Han håpar dette kan verta ein kjekk sosial møteplass, og han legg til at også fastbuande er hjarteleg velkomne der. Dagen før hadde til dømes turdamene tilknytta 10 aren vore innom der, og det såg ut som dei kosa seg riktig godt.

- Det var veldig kjekt at dei stakk innom, synest eg, understrekar camping-drivaren, og for oss som bur i bygda er det veldig kjekt at vi har fått denne møteplassen. Slik er det verkeleg behov for!



På denne fine uteplassen kan gjestene nyta sommaren heilt i sjøkanten!

Heilt i strandkanten ytst ved elveosen har han laga ein felles uteplass for gjestene. Der kan dei sitja på ein treplatting heilt i strandkanten avskjerma med eit 'glasjerde'. Dette vert jo aldeles fantastisk på fine sommardagar. Her har han også tenkt på vedlikehaldet. Glasplatene i gjerdet kan takast inn om vintrane når veret kan stå nokså kraftig på der.

Desse nyvinningane vil gjera dagane som feriegjest i Uskedalen endå flottare. Idyllen er gjort endå meir idyllisk!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland